

OMFATTANDE STUDIE AV EUROPEISK SAMVIRKERETT

Den 5. oktober 2010 la eit forskingskonsortium fram ein omfattande studie av SCE-forordninga og den nasjonale samvirkeretten i dei 30 EØS-statane. Oppdragsgivaren var EU-kommisjonen - DG Enterprise and Industry. Euricse (European Research Institute on Cooperative and Social Enterprises) har leia konsortiet. Til saman har over 220 personar vore involvert i forskingsprosjektet. Professor Ole Gjems-Onstad har deltatt frå norsk side. Rapporten er med sine 998 sider ei gullgruve for alle som er interesserte i europeisk samvirkerett.

I avtalen med EU-kommisjonen var mandatet formulert slik: “A study on the implementation of the Regulation 1435/2003 on the Statute for European Cooperative Society (Societas Cooperativa Europaea - SCE) in all EU Member States and EEA countries (Norway, Iceland and Liechtenstein): rules applied to the SCE, national legislation on cooperatives and impact of the Statute on the national legislation and the promotion of cooperatives in EU countries; recommendations for future legislation.”

Rapporten viser at det per 8. mai 2010 er skipa 17 europeiske samvirkeforetak (SCE-foretak). Så langt har forordninga med andre ord ikkje blitt nokon stor suksess. Vidare syner rapporten at forordninga i liten grad har ført til harmonisering av nasjonal samvirkerett innanfor EØS. Den manglande suksessen kan særleg knytast til tre forhold: Eit komplekst og vanskeleg tilgjengeleg regelverk, manglande kjennskap til forma, og eit avgrensa behov for ei felleseuropeisk samvirkeform, m.a. fordi dei fleste samvirkeforetak driv lokal småskalaverksemd.

SCE-forordninga synest å ha større symbolverdi enn praktisk nytteverdi. Skal SCE-forma bli eit meir aktuelt alternativ for samvirke over landegrensene, må forordninga etter mitt syn tilby ei enklare, klarare og meir tilgjengeleg regulering som inneheld færre tilvisingar til nasjonal samvirkerett.

Sluttrapporten er tilgjengeleg på internettsidene til EU-kommisjonen og Euricse:

<http://ec.europa.eu/enterprise/policies/sme/promoting-entrepreneurship/social-economy/>

<http://www.euricse.eu/node/257>

Tore Fjørtoft